

## Kutt i bussrutetilbodet i Gaular kommune – fråsegn

017/16	Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune	16.03.2016
--------	--	------------

### Vedtak i HSU-017/16

Gjeld kutt i lokalbussrutene i Viksdalen:

På grunn av sparetiltak i samferdselssektoren i fylkeskommunen, er lokale bussruter i Viksdalen lagt ned i skuleferien. Det inneber at innbyggjarane i Viksdalen er totalt utan busstilbod i denne perioden. For dei som av helse – eller andre årsaker ikkje kan køyre bil sjølve, er dette ein dramatisk reduksjon av livskvalitet. For eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert kvardagen mykje vanskelegare.

Helse- og sosialutvalet i Gaular kommune er uroa over dette. Vi er klar over at tilbodet er kutta ut fordi der er få brukarar. Men å kutte det heilt ut der det ikkje finst andre alternativ, er svært dramatisk for dei det råkar. Ein kan lett tenke seg at det kan føre til meir passivitet og einsemd i kvardagen, ein vert meir avhengig av hjelp frå andre, og må kanskje flytte frå heimen tidlegare enn det ein elles kunne ønskje. Vi vil difor oppmode om at det vert arbeid for å få på plass att eit rutetilbod for busette i Viksdalen minst ein dag i veka.

Fråsegna sendast til:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Rådet for eldre i Sogn og Fjordane

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane

Vedtaket var samrøystes godkjend.